



BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet, sivilavdelingen
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Vår ref:
20/00607-2

Saksbehandlar:
Elin Saga Kjørholt

Dato:
3. august 2020

Høyringsfråsegn - Forskrift om rettspsykiatriske undersøkingar og sakkunnige m.m.

Barneombudet takkar for høve til å svara på høyringa.

Oppsummert

Reglane som er føreslått om krav til rettspsykiatriske undersøkingar og sakkunnige er overordna og generelle. Det føreligger ikkje vurderingar frå departementet om det kan vera behov for særlege krav i nokre tilfelle.

Barn og unge er i stor utvikling og endringar skjer raskt. Symptombildet hos ungdom kan vere komplisert og symptom på psykose kan forvekslast med normale utviklingstrekk. Det er derfor særlege faglege utfordringar knytt til alvorlege sinnslidingar hos barn og unge.

Barneombudet meiner det burde vore vurdert om utgreiing av ungdom er så spesialisert at det er behov for særskild kunnskap i desse sakane. Barneombudet ber derfor om at reglane om rettspsykiatriske undersøkingar og sakkunnige, i sakar der barn og unge skal vurderast, må setta krav om særleg kompetanse om barn og unges psykiske helse. Departementet bør vidare vurdere korleis den generelle kompetansen om psykoselidingar hos unge kan bli betre.

Barneombudet meiner det er grunn til å sjå på ei ordning der alle barn og unge som vert sikta for alvorleg kriminalitet som kan føre til straffereaksjonar som forvaring eller tvungent psykisk helsevern, må leggjast inn til observasjon etter straffeprosesslova § 167 i ein institusjon med barnfagleg kompetanse.

Barneombodets bekymring

Barneombudet har tatt i bruk si rett til innsyn i sakar som vedkjem barn, og har hatt innsyn i nærare 50 sakar der mindrearige har vore fengsla. I nokre av desse sakane ligg det føre rettspsykiatriske undersøkingar. Dei siste åra har vi òg hatt innsyn i ei rekke barnevernsaker. Også her ligg det føre nokre rettspsykiatriske undersøkingar.

Ut frå det vi har sett i innsynet er vi uroa for at dei rettspsykiatriske vurderingane sjeldan er utført av personar med særleg kompetanse om barn og unge. Vurderingane er ofte usikre og fleire har fått merknader frå Den rettsmedisinske kommisjon. Mange av ungdommane har fleire utredningar, både fleire omgangar med sakkunnige og ved ulike institusjonar. Utredningane endar ofte i ulike eller usikre vurderingar. Dette medfører at domstolane må gjera kompliserte vurderingar av barnets tilstand, ikkje berre knytt til spørsmålet om dei var

tilreknelege, men også spørsmålet om fare for gjentakning av alvorleg kriminalitet som avgjer om ungdommen kan idømmast forvaring.

Psykologfaglege utfordringar

Barn og unge er i ein heilt særskilt fase i livet der hjernen framleis er under utvikling. Barn og unge får sjeldnare diagnosar for sine psykiske lidingar. Det er særleg vanskeleg å setje psykosediagnose på unge menneske då symptomutforminga kan vere annleis enn hos vaksne.

Fagleg blir dette poenget ofte gjenteke; Psykoselidingar er sjeldne hos barn og ungdom, men aukar med alderen. Dess yngre barnet er, dess vanskelegare er det å oppdaga og diagnostisere lidinga. Symptombiletet er også meir udifferensiert og overlappende dess yngre barnet er. Barn og unge kan kompensere for symptom i lang tid og det kan ta tid før funksjonstap vert tydeleg.

Utfordringa er at psykoselidingar hos barn og unge ofte debuterar som ei åtferdsforstyrning, subtile åtferdsendingar m.m. som kan forvekslast med normal pubertetsutvikling, ikkje med klassiske psykotiske symptom.¹

Ungdommane blir ofte avvist i Barne- og ungdomspsykiatrien. Nokon blir plassert i barnevernsinstitusjon, pådrar seg kriminalsaker om vald og får forsinka diagnostikk og behandling over år².

Ein oversiktsstudie frå vestlege land fann at det har vore lite interesse for psykoselidingar i psykisk helsevern for barn og unge. For å kunne gje denne gruppa eit betre tilbod krev det ei kompetanseheving. Kombinasjonen av komplisert diagnostikk og foreløpig lite kompetanse på området kan føre til manglande oppdaging (ibid).

Barneombudet meiner difor at departementet bør sjå på ei ordning der alle barn og unge som vert sikta for alvorleg kriminalitet som kan føre til straffereaksjonar som forvaring eller tvungent psykisk helsevern, må leggjast inn til observasjon etter straffeprosesslova § 167 i ein institusjon med barnfagleg kompetanse. for å sikre tilstrekkeleg utgreiing av barnets psykiske helse.

Krav til observasjon og til særleg kompetanse om barn og unge

At vurderingane av psykoselidingar hos barn og unge er fagleg kompliserte gir etter Barneombodets mening grunn til å reise spørsmål om det bør settast særlege krav til den faglege vurderinga av om mindreårige er strafferettsleg tilreknelege og om det er fare for gjentakning av alvorleg kriminalitet.

Barneombudet meiner det kompliserte faglege grunnlaget for å vurdere psykoseliding, og fare for gjentakning av alvorleg kriminalitet hos barn og unge, peiker på eit behov for å sjå nærare på krava til dei sakkunnige og dei rettspsykiatriske undersøkingane. Vi meiner kravet til særleg barnefagleg kompetanse bør tydeleggjerast i ein rekke punkter: kompetanse hos den sakkunnige, eigenerklæring, mandat, krav til den rettspsykiatriske erklæringa, malar og lista over sakkunnige hos NERS. Barneombudet ber departementet sjå nærare på dette.

Venleg helsing

Camilla Kayed
fagsjef

Elin Saga Kjørholt
seniorrådgjevar

¹ Helsebiblioteket, Peditriveileder frå Norsk barnelegeforening og ABUP (begge frå web)

² Karlsen og Løberg, Psykose hos unge gjenkjenning og behandling, Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 49, nummer 6, 2012, side 554-559

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.